

## KOMMISJONSDIREKTIV 98/3/EF

**av 15. januar 1998**

### **om tilpassing til den tekniske utviklinga av rådsdirektiv 76/116/EØF om gjensidig tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om gjødsel(\*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 100 A,

med tilvising til rådsdirektiv 76/116/EØF av 18. desember 1975 om gjensidig tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om gjødsel<sup>(1)</sup>, sist endra ved europaparlaments- og rådsdirektiv 97/63/EØF<sup>(2)</sup>, særleg artikkel 9 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtane:

Ved artikkel 7 A i traktaten vert det skipa eit område utan indre grenser, der det er sikra fritt varebyte og fri rørsle for personar, tenester og kapital.

I direktiv 76/116/EØF er det fastsett reglar for marknadsføring av gjødsel i den indre marknaden.

Nye gjødselslag må leggjast til i vedlegg I til direktiv 76/116/EØF, slik at dei kan kome inn under den fellesskapsmerkinga som er fastsett i vedlegg II til det fornemnde direktivet.

I kunngjering 94/C 138/04<sup>(3)</sup> er det fastsett ein framgangsmåte som bør følgjast av alle (produsentar eller representantane deira) som ønskjer at eit gjødselslag skal kome inn under den fellesskapsmerkinga som er fastsett i vedlegg II til direktiv 76/116/EØF, ved at tekniske data vert lagde fram for dei rette styresmaktene i ein medlemsstat, som så sender dataa over til arbeidsgruppa for gjødsel under Kommisjonen.

Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsega frå Utvalet for tilpassing til den tekniske utviklinga av direktiv om fjerning av tekniske handelshindringar på området gjødsel —

**VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:**

#### *Artikkkel 1*

I vedlegg I til direktiv 76/116/EØF vert det gjort følgjande endring:

Dei gjødselslag som er oppførde i vedlegget til dette direktivet, skal leggjast til i del C punkt 1 «Ensidig flytende gjødsel».

#### *Artikkkel 2*

Folgjande produkt og toleransar skal leggjast til i del A.1 i vedlegg III til direktiv 76/116/EØF:

«Suspensjon av kalsiumnitrat	0,4%
Løsning av nitrogengjødsel med ureaformaldehyd	0,4%
Suspensjon av nitrogengjødsel med ureaformaldehyd	0,4%».

#### *Artikkkel 3*

Medlemsstatane skal vedta og kunngjere dei føresegne som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, innan 31. desember 1998, og straks melde frå til Kommisjonen om dette. Dei skal nytte desse føresegne fra 1. januar 1999.

Når desse føresegne vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

#### *Artikkkel 4*

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 15. januar 1998.

*For Kommisjonen*

Martin BANGEMANN

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 18, 23.1.1998, s. 25, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 31/1999 av 26. mars 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(<sup>1</sup>) TEF L 24 av 30.1.1976, s. 21.

(<sup>2</sup>) TEF L 335 av 6.12.1997, s. 15.

(<sup>3</sup>) TEF C 138 av 20.5.1994, s. 4.

## C. FLYTENDE GJØDSEL

## 1. ENSIDIG FLYTENDE GJØDSEL

Nr.	Typebetegnelse	Opplysninger om produksjonsmåte og hovedbestanddeler	Minsteinnehold av næringsstoffer (vektprosent) Opplysninger om angivelse av næringsinnholdet Andre krav	Andre opplysninger om typebetegnelsen	Næringsinnhold som skal deklarereres Næringsstoffenes form og opploselighet Andre kriterier
1	2	3	4	5	6
«5	Suspensjon av kalsiumnitrat	Produkt framstilt ved suspensjon av kalsiumnitrat i vann	8 % N Nitrogen uttrykt som totalnitrogen eller som nitratnitrogen og ammoniumnitrogen Største innhold av ammoniumnitrogen: 1,0 % 14 % CaO Kalsium uttrykt som vannlöselig CaO	Typebetegnelsen kan følges av en av følgende angivelser: — til bladgjødsling — til framstilling av næringslösningar og -suspensioner — til gjødslingsvanning	Totalnitrogen Nitratnitrogen Vannlöslig kalsiumoksid
6	Løsning av nitrogenengjødsel med ureaformaldehyd	Produkt framstilt kjemisk eller ved opplosning i vann av ureaformaldehyd og en nitrogenholdig gjødsel fra liste A-1 i direktiv 76/116/EØF, unntatt produkt 3 a), 3 b) og 5	18 % N uttrykt som totalnitrogen Minst en tredel av det deklarerte total-nitrogeninnholdet må stamme fra ureaformaldehyd Største innhold av biuret: (urea-N + ureaformaldehyd-N) x 0,026		Totalnitrogen For hver form som utgjør minst 1%: — nitratnitrogen — ammoniumnitrogen — ureanitrogen Nitrogen fra ureaformaldehyd
7	Suspensjon av nitrogen-gjødsel med ureaformaldehyd	Produkt framstilt kjemisk eller ved opplosning i vann av ureaformaldehyd og en nitrogenholdig gjødsel fra liste A-1 i direktiv 76/116/EØF, unntatt produkt 3 a), 3 b) og 5	18 % N uttrykt som totalnitrogen Minst en tredel av det deklarerte total-nitrogeninnholdet må stamme fra ureaformaldehyd, hvorav minst tre femdeler må være løselige i varmt vann Største innhold av biuret: (urea-N + ureaformaldehyd-N) x 0,026		Totalnitrogen For hver form som utgjør minst 1%: — nitratnitrogen — ammoniumnitrogen — ureanitrogen Nitrogen fra ureaformaldehyd Nitrogen fra ureaformaldehyd som er løselig i kaldt vann Nitrogen fra ureaformaldehyd som utelukkende er løselig i varmt vann»